

---

Saksnr:	2020/12-58
Saksbehandlar	Susan Kathinka Halvorsen Husabø
Dato:	28.05.2020

---

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Tilleggsnotat - Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune

### PS 20/20 «Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune»

Under behandlinga av sak PS 20/20 «Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune», 13. mai 2020 gjorde hovudutval for opplæring og kompetanse slik innstilling til fylkesutvalet:

1. *«Alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur.*
2. *Alle elevar skal og ha rett til å søke seg til andre skular i Vestland dersom dei ynskjer det.*
3. *Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert.*
4. *Ingen elevar skal, ufrivillig, ha urimeleg lang reiseveg. Difor skal elevar som mot si vilje får skuleplass langt unna heimstaden sin prioriterast ved inntak på ein skule som ligg nærare heimstaden til eleven.*
5. *Alle elevar skal ha rett til å fullføre utdanninga si på den skulen dei startar på. Det skal altså vere rett til oppflytting frå vg1-vg2 og frå vg2-vg3 på studieførebuande program.*
6. *For dei yrkesfaglege utdanningsprogramma kan det vere vanskeleg å oppfylle retten til oppflytting. Difor ber utvalet administrasjonen legge fram forslag til korleis ein kan sikre best mogleg rett til oppflytting.*
7. *Rådmannen skal utarbeide eit inntakssystem basert på desse prinsippa. - - - Rådmannen bes spesielt sjå til Agder fylkeskommune for å vurdere om heile eller delar av deira inntakssystem er i tråd med prinsippa som er slått fast i dette vedtaket.»*

Fylkesrådmannen legg til grunn at innstillinga frå hovudutvalet vil krevje nærare vurdering og konkretisering knytt til:

- Truleg store økonomiske konsekvensar
- At flest mogleg får førsteval sitt
- Nærskuleområde og reiseveg/tid
- Oppflytting til neste nivå i yrkesfag
- Kan få store konsekvensar for tilbudsstrukturen

Fylkesrådmannen meiner at han kan legge fram ei oppdatert sak til fylkestinget i september 2020, med framlegg til alternative inntaksmodellar med tilhøyrande forskrifter om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen tilrår at saka vert utsett.